

Interressent/ organisasjon

Norheimsund, 19.03.2020

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljregulering Drage, Tørvikbygd, Kvam herad

Vår ref: 2609

Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for gnr. 87 bnr. 1 m.fl. Drage i Tørvikbygd, Kvam herad - PlanID 4622 20190005

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert det kunngjort oppstart av regulering for gnr. 87 bnr. 1 m.fl. Drage i Tørvikbygd, Kvam herad. Geoplan AS skal, på oppdrag for tiltakshavar, Fuglafjell AS, utarbeide detaljreguleringsplan for området.

Planområdet er på ca. 104 daa. Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for nye bustadar i Tørvikbygd. Det er ynskjeleg å regulere både einbustadar og fleirmannsbustadar. Føremålet er i tråd med gjeldande kommuneplan. Innanfor 100- metersbeltet til vassdraget, Tørvikevatnet, og det eksisterande jordbruksarealet innanfor planområdet skal regulerast til «grøntstruktur» eller «landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift (LNFR)». Heradet vurderer difor planen til å ikkje utløyse krav om planprogram jf. PBL §4-1 og konsekvensutgreiing jf. PBL § 4-2.

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kartskisse (side 2 av dette dokumentet)

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 27.04.20.

Innspel som kan ha innverknad på, eller vera av interesse for planarbeidet, skal sendast til Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Kvam herad for handsaming.

Med venleg helsing
Ingeborg Steine Jensen
Byggingeniør

